

Arnardo sviktar aldri korkje Rabben eller Uskedalen og tysdag kveld held "Norges sirkus" jubileumsshow der – i sin sesong nummer 60.

Direktør Arild Arnardo lovar tettpakka kvalitet frå A til O. og at godbitane skal koma på rad og rekkje i eit rasande tempo.

Han nemner klovnen Francesco først frå menyen. Han er fransk og blir kalla ei historiefortellande forundringspakke,

- Francesco representerer ur-komikk av ypperste klasse, seier direktøren.

Den kinesiske akrobatikken kjem att også i år og kroppssjonglørane Fausto Scorpions har hatt stor suksess i New York.

Gärtners ponnier og elefantar er sjølvsagt på plass også i 2008.